



MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - dispensasjon - Masfjorden 1/4 - Stegebotsfjellet - basestasjon - mobilmast med hytte

Vi viser til brev frå kommunen datert 30.05.2023. Det vert søkt om dispensasjon frå planføremål for etablering av basestasjon på Stegebotsfjellet gnr 1 bnr. 4 i Ytre Haugsdal i Masfjorden kommune. Det omsøkte tiltaket kjem i eit LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, og det vert difor søkt om dispensasjon frå arealføremålet. Basestasjonen består av ei mast på 18 meter i stål, og i tillegg kjem det opp ei lita hytte for utstyr.

Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Om aktuelle omsyn ikkje vert vesentleg tilsidesette, må kommunen i tillegg vurdere om fordelane er større enn ulempene. Ein basestasjon kan vurderast som samfunnsnyttig. Kommunen må likevel gjere ei vurdering av kor stor samfunnsnyttien er og kva andre aktuelle verdiar som er området og verknaden av tiltaket på desse.

Tiltaket skal plasserast i eit viktig friluftsområde. Tiltaket si plassering vil sannsynlegvis påverke folk si turoppleving i dette området. Det er då viktig at dette vert tilstrekkeleg vurdert opp mot ev. alternative plasseringar og at det eventuelt vert sett vilkår om avbøtande tiltak. Det kan også vere fornuftig med eit vilkår om fjerning og tilbakeføring av tiltaket om det i framtida kjem ny teknologi, eller at andre tilhøve gjer at tiltaka ikkje lenger er naudsynt.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN